



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
27/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	20.03.2017
23/2017	Kommunestyret	PS	03.04.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FE - 122, FA - N10, FA - L00	15/1044

### HØYRING - REGIONAL AREAL OG TRANSPORTPLAN FOR BERGENSOMRÅDET - AVGRENSA HØYRING

#### Vedlegg:

Avgrensa høyring - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.pdf

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### Høyringsuttale;

Denne planen legg opp til konsentrert arealbruk og attraktive by- og tettstadutvikling i regionale vekstsoner, som grunnlag for måloppnåing. Å utnytte transportinfrastrukturen betre og meir effektivt er eit viktig prinsipp. Vekst i omlandskommunane til Bergen skaper auka etterspørsel etter transport på innfartsårene. Vaksdal kommune vil peike på at den gunstige plasseringa langs Vossebanen og satsing på vekst, utvikling og fortetting i stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale set kommunen i ein særstilling, og byggjer opp under kundegrunnlaget for miljø- og klimavenleg transport med tog. Vaksdal kommune må difor inkluderast i omgrepet *regional vekstzone*, som inneber å ta i bruk moglegheitene Vossabane representerer som ein *vekstkorridor*.

**Det er difor viktig at tettstadene med jernbanestasjonar vert inkludert i omgrepet regional vekstzone (vekstkorridor).**

Den statlege planlegginga og framføring av ny trasé for E16 og jernbane aust for Bergen er viktig bidrag til utvikling av det regionale transportsystemet. Planen bør tydeleggjere dette.

**Jernbane må innarbeidast i det regionale transportsystemet.**

Byveksttalen er ei samkøyring av *bymiljøavtalen* og *byutviklingsavtalen*, og skal innehalde mål og verkemiddel for auka kollektivdel, sykling og gange, tiltak for redusert bilbruk og overordna arealføringar som byggjer opp under miljøvenleg transport.

**Det er viktig for Vaksdal å verte inkludert i arbeidet med *byutgreiinga* og i neste steg *byveksttalen*.**

I tiltakslista er det oppført *Moglegheitsstudie på massehandtering i Bergensområdet*, utan at dette har planomtale. Sett i lys av dei store utbyggingane av samferdselsprosjekt som kjem ulike stader i fylket, og særleg aktuelt for Vaksdal kommune med ny trasé for E16 og jernbane, er det ønskeleg at Hordaland fylkeskommune utarbeider ein forvaltningsplan for overskotsmasse. **Vaksdal kommune er ein aktuell samarbeidspart.**

## Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 27/2017

### **FPØ - Behandling:**

Einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Samrøystes vedtak.

### **FPØ - Tilråding:**

#### **Høyringsuttale;**

Denne planen legg opp til konsentrert arealbruk og attraktive by- og tettstadutvikling i regionale vekstsoner, som grunnlag for måloppnåing. Å utnytte transportinfrastrukturen betre og meir effektivt er eit viktig prinsipp. Vekst i omlandskommunane til Bergen skaper auka etterspørsel etter transport på innfartsårene. Vaksdal kommune vil peike på at den gunstige plasseringa langs Vossebana og satsing på vekst, utvikling og fortetting i stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale set kommunen i ein særstilling, og byggjer opp under kundegrunnlaget for miljø- og klimavenleg transport med tog. Vaksdal kommune må difor inkluderast i omgrepet *regional vekstzone*, som inneber å ta i bruk moglegheitene Vossabane representerer som ein *vekstkorridor*.

**Det er difor viktig at tettstadene med jernbanestasjonar vert inkludert i omgrepet regional vekstzone (vekstkorridor).**

Den statlege planlegginga og framføring av ny trasé for E16 og jernbane aust for Bergen er viktig bidrag til utvikling av det regionale transportsystemet. Planen bør tydeleggjere dette.

**Jernbane må innarbeidast i det regionale transportsystemet.**

Byvekstavtalen er ei samkøyring av *bymiljøavtalen* og *byutviklingsavtalen*, og skal innehalde mål og verkemiddel for auka kollektivdel, sykling og gange, tiltak for redusert bilbruk og overordna arealføringar som bygger opp under miljøvenleg transport.

**Det er viktig for Vaksdal å verte inkludert i arbeidet med *byutgreiinga* og i neste steg *byvekstavtalen*.**

I tiltakslista er det oppført *Moglegheitsstudie på massehandtering i Bergensområdet*, utan at dette har planomtale. Sett i lys av dei store utbyggingane av samferdselsprosjekt som kjem ulike stader i fylket, og særleg aktuelt for Vaksdal kommune med ny trasé for E16 og jernbane, er det ønskeleg at Hordaland fylkeskommune utarbeider ein forvaltningsplan for overskotsmasse. **Vaksdal kommune er ein aktuell samarbeidspart.**

## Kommunestyret - Sak 23/2017

### **KOM - Behandling:**

Samrøystes vedtak.

### **KOM - Vedtak:**

#### **Høyringsuttale;**

Denne planen legg opp til konsentrert arealbruk og attraktive by- og tettstadutvikling i regionale vekstsoner, som grunnlag for måloppnåing. Å utnytte transportinfrastrukturen betre og meir effektivt er eit viktig prinsipp. Vekst i omlandskommunane til Bergen skaper auka etterspørsel etter transport på innfartsårene. Vaksdal kommune vil peike på at den gunstige plasseringa langs

Vossebana og satsing på vekst, utvikling og fortetting i stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale set kommunen i ein særstilling, og byggjer opp under kundegrunnlaget for miljø- og klimavenleg transport med tog. Vaksdal kommune må difor inkluderast i omgrepet *regional vekstzone*, som inneber å ta i bruk moglegheitene Vossabane representerer som ein *vekstkorridor*.

**Det er difor viktig at tettstadene med jernbanestasjonar vert inkludert i omgrepet regional vekstzone (vekstkorridor).**

Den statlege planlegginga og framføring av ny trasé for E16 og jernbane aust for Bergen er viktig bidrag til utvikling av det regionale transportsystemet. Planen bør tydeleggjere dette.

**Jernbane må innarbeidast i det regionale transportsystemet.**

Byvekstavtalen er ei samkøyring av *bymiljøavtalen* og *byutviklingsavtalen*, og skal innehalde mål og verkemiddel for auka kollektivdel, sykling og gange, tiltak for redusert bilbruk og overordna arealføringar som bygger opp under miljøvenleg transport.

**Det er viktig for Vaksdal å verte inkludert i arbeidet med *byutgreiinga* og i neste steg *byvekstavtalen*.**

I tiltakslista er det oppført *Moglegheitsstudie på massehandtering i Bergensområdet*, utan at dette har planomtale. Sett i lys av dei store utbyggingane av samferdselsprosjekt som kjem ulike stader i fylket, og særleg aktuelt for Vaksdal kommune med ny trasé for E16 og jernbane, er det ønskeleg at Hordaland fylkeskommune utarbeider ein forvaltningsplan for overskotsmasse. **Vaksdal kommune er ein aktuell samarbeidspart.**

#### **Saksopplysningar:**

Forslag til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet var på offentleg høying i perioden juni – desember 2015. Det kom inn 30 skriftlege høyringsuttaler til planforslaget, og det er gjort justeringar som medfører at planen no er sendt på avgrensa høying til kommunane og relevante offentlege etatar. Planen omfattar kommunane Bergen, Radøy, Meland, Lindås, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os.

Høyringsforslaget inneheld planskildring med mål, retningsliner og handlingsprogram. Planen omfattar fem plantema:

1. Senterstruktur og utbyggingsmønster
2. Regionalt transportsystem
3. Bustadområde
4. Næringsareal og arbeidsplassar
5. Natur, kulturmiljø og landskap

*I denne avgrensa høyringa ber vi spesielt om innspel på om planen er tilstrekkeleg tydeleg på korleis den vil bidra til å nå nasjonale og regionale klima- og miljømål. I tillegg ønskjer vi innspel på prinsippet om differensiert arealforvaltning. Spesielt om det er viktige omsyn som bør vere gjeldande innanfor dei regionale vekstsonene, og som burde vore inkludert i retningslinene 4.4 - 4-9.*

Forholdet mellom *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* og *Regional transportplan* er i hovudsak at førstnemnde gjeld arealpolitikk og sistnemnde gjeld bruk av verkemiddel.

#### **Bakgrunn**

Viktige klima og miljømål i areal- og transportplanlegging er klimavenleg utbyggingsmønster, meir gange, sykkel og kollektivtransport, avgrense biltrafikken, og overgang til transportmidlar med lågare eller null utslepp. Dette krev ei samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som må vere berekraftig og framtidsretta med utvikling av levande by- og tettstadsenter som grunnlag for helse og

trivsel.

Bergensområdeplanen er ein plan som skal sjå heilskapleg på utviklinga i Bergensområdet, og kople saman arealbruk og transportsystem for ein effektiv og berekraftig kvardag – for både næringsliv og den enkelte, på kort og på lang sikt.

Å konsentrere vekst i strategisk utvalde senter er i denne planen definert som *regionale vekstsoner*. I ein slik fleirkjerna struktur er det viktig med meir sjølvforsynte senter. Dette inneber ein betre balanse mellom bustader og arbeidsplassar, så vel som eit godt servicenivå.

Arealbruk og utbyggingsmønster er svært avgjerande for transportbehovet. Planen søker å redusere transportbehov gjennom målretta arealbruk. Det vil likevel vere eit stort transportbehov som må dekkast så effektivt og berekraftig som mogeleg. Det inneber at transportsystemet må fremje god framkome, låg sårbarheit og vera miljøvenleg og arealeffektivt. Transportnettet skal vera samansett av fleire transportformer, som må tilpassast befolkningsgrunnlag og geografisk lokalisering. Effektive kollektivløysingar kan òg fungere som svært gode katalysatorar for kompakt stad- og byutvikling. Satsinga på konsentrert vekst i utvalde senter vil krevje eit kompakt utbyggingsmønster om ein skal romme den forventa befolkningsauken. Det må byggjast meir arealeffektivt enn det ein tradisjonelt har gjort i Bergensområdet. Dette kan gjere det ekstra utfordrande å ivareta gode bumiljø i vekstsonene. *Fortetting med kvalitet* må difor fremjast i bustadbygginga i planperioden.

Gode og stabile bumiljø og mindre tettstader med gode nærmiljø er ein positiv ressurs for regionen. Ein skal leggje til rette for utbygging for å oppretthalde gode og levande lokalsamfunn. Eit forsterka befolkningsgrunnlag og styrka regionsenter vil kunne gje nye arbeidsplassar og kortare veg til eit godt service- og tenestetilbod, også for busette i meir perifere område.

Næringsareal som mogeleggjjer prinsippet om *rett verksemd på rett stad* må gjerast tilgjengeleg. Næringsareal og arbeidsplassar er ein viktig faktor for balanse i bu- og arbeidsmarknaden, og for å oppnå sjølvforsynte regionale vekstsenter.

Planen legg overordna rammer for framtidig utbyggingsmønster i Bergensområdet. Veksten som er venta vil skape auka press på grønne areal og kulturmiljø. Langsiktig forvaltning av natur- og kulturverdiar er sentralt for å lukkast med å byggje ein attraktiv og berekraftig region.

Ein felles plan med klåre føringar for arealbruk vil gjere plandialogen meir føreseieleg mellom stat, fylke, kommune og private interesser. Denne planen avklarar kor hovuddelen av veksten bør kome, og kor omsynet til arealverdiar bør vektast føre utbygging.

Det vert lagt til grunn eit prinsipp om at i regionale vekstsoner kan utbygging vektleggjast sterkt i høve til omsynet til andre arealverdiar. For å ivareta ei berekraftig arealforvaltning vert det lagt til grunn at utanfor dei regionale vekstsonene skal omsynet til andre arealverdiar enn utbygging vektleggjast sterkt.

#### Byvekstavtale

Planen har eit handlingsprogram 2017-2021 som inneber ei byutgreiing for Bergen, som grunnlag for ein Byvekstavtale. Byvekstavtalen er ei samkøying av *bymiljøavtalen* og *byutviklingsavtalen*, og skal innehalde mål og verkemiddel for auka kollektivdel, sykling og gange, tiltak for redusert bilbruk og overordna arealføringar som bygger opp under miljøvenleg transport.

Byutgreiinga skal ta omsyn til trafikken som vert skapt i heile det funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsområdet og skal omhandle kva konsekvensar nullvekstmålet for Bergen har for tilstøytande kommunar og viktige regionale knutepunkt, og kva konsekvens utvikling i omlandskommunane har for nullvekstmålet i Bergen. Byutgreiinga er eit krav for å inngå

byvekstavtaler som er basert på NTP 2018-2029, men den skal også vera eit bidrag til arbeidet med neste revisjon av Nasjonal transportplan (NTP 2022-2033).

### Massehandtering

I tiltakslista er det oppført *Mogeleghetsstudie på massehandtering i Bergensområdet*, utan at dette har planomtale. Sett i lys av dei store utbyggingane av samferdselsprosjekt som kjem ulike stader i fylket, og særleg aktuelt for Vaksdal kommune med ny trasè for E16 og jernbane forventar kommunen ein forvaltningsplan. Vaksdal kommune er ein aktuell samarbeidspart.

### **Vurdering**

Denne planen legg opp til konsentrert arealbruk og attraktive by- og tettstadutvikling i regionale vekstsoner, som grunnlag for måloppnåing. Å utnytte transportinfrastrukturen betre og meir effektivt er eit viktig prinsipp. Vekst i omlandskommunane til Bergen skaper auka etterspørsel etter transport på innfartsårene. Vaksdal kommune vil peike på at den gunstige plasseringa langs Vossebana og satsing på vekst, utvikling og fortetting i stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale set kommunen i ein særstilling, og byggjer opp under kundegrunnlaget for miljø- og klimavenleg transport med tog. Vaksdal kommune må difor inkluderast i omgrepet *regional vekstzone*, som inneber å ta i bruk moglegheitene Vossabana representerer mellom regionsentra Bergen og Voss. Arealressursane i stasjonsbyane er avgrensa, og må forvaltast ut frå eit regionalt perspektiv, og ikkje som lokal vekstzone kring kommunesenter og definerte lokalsenter, der ein utnyttar ledig kapasitet i sosial og teknisk infrastruktur og omsynet til grønstruktur og arealverdiar står sterkt, og der fylkeskommunen tilrår satsing på arealkrevjande næringsetablering. Dette vil legge store restriksjonar for potensialet for vekst, utvikling og klima- og miljøvenleg transport. Det er difor viktig at tettstadene med jernbanestasjonar vert inkludert i omgrepet regional vekstzone (vekstkorridor).

Planen bør vere tydelegare på at jernbane må innarbeidast i det regionale transportsystemet. Samarbeid med Bane NOR/NSB vil også vere viktig tiltak.

Det er viktig for Vaksdal å verte inkludert i arbeidet med *byutgreiinga* og i neste steg *byvekstavtalen*.

Det er ønskeleg at Hordaland fylkeskommune utarbeider ein forvaltningsplan for overskotsmasse. Vaksdal kommune er ein aktuell samarbeidspart.